



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

Referat frå møte i Ikornnes Sokneråd 14.11.2023 Ikornnes kyrkje kl. 20:00.

Desse møtte: Synnøve Kalvatn, Bjørg Kurseth, Leif Kalvatn, Knut Farstad, Kristine Abelsest

Malin Uri og Solfrid Utgård meldte frafall.

Sak 44/23 Orientering frå forrige sokneråd 2019-2023.

Anita Øvergård og Magnar Vigstad orienterte om dei viktigaste oppgavene vi har føre oss i året som kjem. Årsmelding/rapport samt annonsere årsmøte i soknerådet allerede i januar, sende ut sakliste. Ellers gode tips om dei tradisjonelle arrangementa, som julefest, kyrkjedagar og diverse informative dokument.

Sak 45/23 Konstituering av nytt sokneråd og valg til fellesråd.

Leiar: Leif Kalvatn
Nestleiar: Bjørg R. Kurseth
Skrivar: Kristine Abelsest
Medlem: Synnøve Kalvatn
Solfrid A. H. Utgård
Malin G. Uri
Prest: Knut Farstad
Vara: Siri Iversen
Johanne Lade
Karl E. Brunstad
Frank E. Sandvik

Representantar til fellesrådet; Leif Kalvatn og Synnøve Kalvatn.

Sak 46/23 Presentasjon av nytt sokneråd på Gudsteneste.

17 desember på Gudstjenesta i Ikornnes Kyrkje, vil det bli presentasjon av det nye soknerådet, ved Knut Farstad.

Sak 47/23 Sokneråd på Gudstjenester.

Det nye soknerådet bør vere aktive på Gudstjenester inn i mellom, td. at vi hjelp til med noko praktisk. Dette for å vise engasjement og at folk skal vere kjend med kven vi er. Vi kan legge ein plan på seinare møte.

Sak 48/23 Sms til møteinnkalling.

Vi benyttar SMS til møteinnkalling, og sender info ellers på email.

Sak 49/23 Musikalsk førjulskveld med Credo Brass 2 desember kl 19.

Kjell Welle frå Credo Brass har forespurt soknerådet om praktisk hjelp til sosialt samver etter konserten. Dei ønsker å servere kaffi, pepperkake og smultringar som dei tek med. Dette er ein gratis konsert. Dei vil rigge kl 15. Leif Kalvatn gir tilbakemelding om at vi stiller som hjelp. Bjørg Kurseth, Synnøve Kalvatn og Kristine Abelsest tenker dei kan vere der frå ca 18.30.



DEN NORSKE KYRKJA

Ikornnes sokneråd

- Sak 50/23** **"Juletefest" 5. juledag.**
Knut Farstad tek kontakt med Rose I Stave angående samarbeid på "juletefest" 5 juledag i kyrkjekjellaren på Ikornnes.
- Sak 51/23** **Kyrkjedagane 2024.**
Vi velger helga 5-7 april.
Bjørg Kurseth høyrer med "country gjengen" om dei vil ha konsert fredagskvelden. Då har det vore vanleg med loddsal etter konserten, og at ein tek inngangspenger på konserten, som går til kirka.
Vi må tenke ut markedsføring av arrangementet.
Flygeblad der vi ber om gevinstar til kyrkjedagane delast ut på nyåret.
Det blir tombola etter tradisjonen på laurdagen.
Vi må høyre med frivillige om loddsal i forkant, gjerne tidlegare soknerådsmedlemmar.
- Sak 52/23** **Nettprogram for kyrkja.**
Knut Farstad orienterte litt om eit nettprogram kyrkja brukar. Dette kan vi få opplæring i ved seinare høve. Både tilsette og folkevalde skal ha tilgang. Alle vil få epostadresse og innloggingsinfo .

Neste møte: Onsdag 13. desember kl 19, i Ikornnes Kyrkje.

Skrivar
Kristine Abelseth.